



# DOVRE KOMMUNE

## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/457-12

Saksbehandler: Kari Bentsdal

### Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
2024/55	23.09.2024	Kommunestyret Plan-, nærings- og utviklingsutvalget Oppvekst-, kultur- og omsorgsutvalget Fellesråd for mennesker med nedsatt funksjonsevne og eldreåd

## Prosjektet Dovre tettstad - innhenting av tilbud på utførelsesentreprise

### Vedlegg

- 1 L001 Delområde A foreløpig 07.06.2024.pdf
- 2 L002 Delområde B foreløpig 07.06.2024.pdf
- 3 L003 Delområde D&F foreløpig 07.06.2024.pdf
- 4 L004 Delområde G foreløpig 07.06.2024.pdf
- 5 L005 Delområde I foreløpig 07.06.2024.pdf

### Saksutredning:

#### Bakgrunn

Prosjektet Dovre tettstad, blei starta opp ved vedtak i kommunestyret i 2016. Kommunen inngjekk deretter kontrakt med konsulentfirmaet Nordplan om utarbeiding av eit forprosjekt for dei sentrale delane av Dovre tettstad. Av ulike grunnar stoppa prosjektet opp, og blei fyrst tatt opp igjen da Kommunestyret gjennom behandling av budsjett for 2022 og økonomiplan for 2022-2025 (13.12.21, sak 2021/65) på nytt vedtok at det skulle bli gjennomført eit utviklingsprosjekt for Dovre tettstad.

Hausten 2023 spurde kommunen om tilbud på prosjekteringstenester; revidert forprosjekt, detaljprosjektering av enkelte delområder, samt opsjon på byggeoppfølging. Konsulentfirmaet Henning Larsen Arkitekter AS leverte, saman med Rambøll Norge AS, det mest gunstige tilbudet og fekk tilbud om jobben. Det blei inngått kontrakt i oktober 2023. Etter utarbeidd forprosjekt for alle delområder (A – L) og vedtak i kommunestyret den 12.02.2024, har konsulenten detaljprosjektert og lagd kalkylar for delområda A, B, D, F, G og I.

Kommunestyret sitt vedtak den 12.02.2024:

- 1) *Følgjande områder blir detaljprosjektert i 2024 i henhold til kontrakt: **B, D, G og I.***
- 2) *Dovre kommune innhentar pristilbod frå Henning Larsen på utarbeiding av kalkyle og detaljprosjektering av delområda **A, E, F og desse blir detaljprosjektert saman med delområde B, D, G og I, dersom styringsgruppa til prosjektet vurderer at tilbudet er akseptabelt.***


Område E er foreløpig ikkje detaljprosjektert, fordi styringsgruppa til prosjektet Dovre tettstad ønsker å få flytta eksisterande busstopp langs Kongsvegen og innan område E, til EL-ladestasjon som er under planlegging vest for Dovre senter / Coop bygget. Tiltakshavar her er Coop Innlandet/ Ionity og Dovre kommune er i tett dialog med aktørane.

### Kommunestyre vedtak før evt. byggefase

**Dovre kommune skal med dette saksframlegget ta stilling til kva områder det skal innhentast pristilbod på gjennom konkurransegrunnlag for utførelsesentreprise, med mål om bygging/utføring innan 2026 og kva områder som eventuelt skal beskrivast som opsjonspostar i konkurransegrunnlaget.**

Som del av kontrakt med prosjekterande konsulent leverer dei detaljprosjekt med komplett konkurransegrunnlag, for innhenting av pristilbod på bygging/ utførelsesentreprise. Kommunestyret skal ta stilling til kva delområder det er aktuelt å bygge av dei detaljprosjekterte områda A, B, D, F, G og I om enkelte delområder skal inngå i konkurransegrunnlaget som opsjonsposter/-kapitlar.

Innkome tilbod frå utførande (UTF) entreprenør/ anleggsgartnar vil bli gått grundig igjennom og vurdert av prosjektleiar og styringsgruppa for prosjektet. Kommunestyret vil deretter på ny få saken til behandling, for vurdering av kostnader opp mot budsjett og etter planen vedtak om oppstart av bygging våren 2025.



Illustrasjon viser prosjektavgrønsing for revidert forprosjekt, samt delområder som er som følger:

Område A utgjer ein viktig akse mellom Hjerleid handverkskule, bustadområdet Sletten feltet og Dovre sentrum. Jøndalsvegen fv. 2658 har vegprofil og utforming som til dels er noko uheldig, særleg med tanke på mjuke trafikantar, mellom anna med tanke på universell utforming.

Område B er del av tidlegare skulegard og er framleis i bruk av barn og unge som aktivitetssområde. Over området går ein viktig gangakse mot lokalbutikken, der halve strekningen er ein etablert grusveg og resten er tråkk over plen.

Område C er areal rundt kommunehuset Båtsto. (Delområdet er ikkje detaljprosjektert.)

Område D er regulert til friområde park i gjeldande reguleringsplan for Dovre. Området har vore ein sentral del av skulegarden til tidlegare Dovre barneskule. Tanken er at området skal bli ein sentral folkepark og samlingsstad på Dovre; "Dovreparken".

Område E omfattar etablering av gangsoner og utbetra/ny busstopp langs Kongsvegen. (Delområdet er ikkje detaljprosjekttert.)

Område F er areal framom Dovre samfunnshus og mot fv. 2656.

Område G omfattar fotgjengarkryssing av fylkesvegen, gang- og sykkelveg langs Kongsvegen forbi Coop og busstopp på vestre kant av Kongsvegen.

Område H omfattar gang- og sykkelveg langs Kongsvegen mellom lokalbutikken og Dovre kyrkje. (Delområdet er ikkje detaljprosjekttert.)

Område I er kyrkjebakken med grusplass/parkeringsplass og trerekker.

Område J omfattar gang- og sykkelveg langs Kongsvegen, mellom Dovre kyrkje og barnehagen/Snipen idrettspark. (Delområdet er ikkje detaljprosjekttert.)

Område K omfattar kryss mellom Vangvegen og Kongsvegen med tilhøyrande grøfteareal/vegskråning. (Delområdet er ikkje detaljprosjekttert.)

Område L. Store deler av dette arealet er eigd av Coop Innlandet og eventuell endring av utforming må bli avklart med dei, saman med vegeigar Innlandet fylkeskommune. (Delområdet er ikkje detaljprosjekttert.)

## **Mål for prosjektet:**

Plan-, nærings- og utviklingsutvalet sette i 2016 følgjande ramme for prosjektet:

- *Prosjektet skal styrke sentrumsbedriftane*
- *Prosjektet skal styrke profileringa av bedriftane i området rundt Dovre tettstad*
- *Lokale materialar og produkt skal bli brukt og profilert*
- *Prosjektet må bli avgrensa geografisk*

I tillegg til målsetting frå 2016, er det bestemt at det skal vera fokus på korleis innbyggjarane ønsker at Dovre skal vera og framstå. Det skal bli lagt vekt på gode samanhengar og nettverk av kvalitetar, treffstader og målpunkt som til saman gjer at det er godt å leve på og besøke Dovre. Det er gjennom arbeidet med prosjektet bestemt at ein skal strekke seg mot følgjande delmål:

- ✓ triveleg, attraktivt og levande
- ✓ inkluderande og mangfaldig
- ✓ effektivitet
- ✓ særpreg
- ✓ varierte tilbod og god service
- ✓ fleksibilitet
- ✓ miljøvennleg
- ✓ samanhengande blågrøn struktur (handtering av overflatevatn)
- ✓ klimatilpassa

## **Økonomi og budsjett**

I kommunen sin økonomiplan for 2024 blei det budsjettert med til saman 7,5 mill. inkl. mva. til prosjektet. I denne summen inngår også midlar til nødvendig ekstern prosjekteringsbistand. I kommunestyret si behandling av økonomiplanen for 2024-2027 den 18.12.2023, blei det sett av ei ramme på ytterlegare 4 mill. til prosjektet, da fordelt på åra 2025 og 2026. Til saman er det no sett av 11,5 mill. inkl. mva til tettstadsprosjektet.

Kalkylar utarbeidd av prosjekterande konsulent (PRO) er rekna eks. mva. I dette saksframlegget er budsjettet derfor omgjort til sum eks. mva.

Midlar som er budsjettert og avsett i økonomiplan 2024-26, inkludert midlar til nødvendig prosjektering er da slik:

Nok. 11.500.000,- inkl. mva. (25% mva.) =

Nok. 9.200.000,- eks. mva.

### **Kostnad prosjektering**

Prosjekteringskostnader, inkludert detaljprosjektering av utvalde deler av Dovre sentrum, og konkurransegrunnlag for innhenting av tilbud frå utførande, er på om lag Nok. 1.470.000,- eks. mva.

Av budsjetterte og avsette midlar er det da gjenståande til utføring/etablering av anlegg omlag:

Nok. 7.730.000,- eks. mva

Dette er eit noko knapt budsjett i forhold til det totale behovet for oppgradering av Dovre sentrum.

### **Detaljprosjekt**

Foreløpige teikningar til detaljprosjektet er lagt ved saksframlegget.

Det er i detaljprosjektet lagt vekt på å finne heilheitlege løysingar for tettstaden som tek vare på mål for prosjektet, inkludert trafiksikkerheit, auke i aktivitetsnivået, styrking av næringslivet og auke i estetiske kvalitetar. Det har heile vegen vore mål at Dovre sentrum skal bli attraktivt både for lokalbefolkninga og for tilreisande, og slik styrke trivsel, aktivitetsnivået og det lokale næringslivet.

Det er særleg lagt vekt på universell utforming. Det vil si at sentrumsområdet i størst mogleg grad skal vera tilgjengeleg og funksjonelt for alle brukargrupper.

Detaljprosjektet ivaretek krav til handtering av overflatevatn, slik det m.a. er sett i plan- og bygningsloven. Ferdig etablert anlegg vil i stor grad gje ein sikkerheit mot framtidige materielle skader forårsaka av større nedbørshendingar og rask nedsmelting av snø, med unntak om åene Einbugga og/eller Dragåe flaumar over og mot sentrum.

Det er lagt vekt på bruk av vegetasjon og planter som er enkelt å halde ved like og skjøtte og det er lagt vekt på at beplantning gjev eit godt heilheitleg bilde og inntrykk, samtidig som vegetasjonen skal bidra til fordrøyning og sirkulering av overflatevatn.

Det er planlagd for bruk av varige og solide materialar i dekker, murer, møblering, mm, og det skal søkast bruk av lokale produkt og kortast mogleg frakt av byggematerialer. Det er planlagt for gode og trivelege møteplassar, stader å opphalde seg på eller passere igjennom.

I prosjektet har det vore eit hovudmål å auke trafiksikkerheita i sentrumsområdet. Ein har i stor grad søkt å skilje mjuke trafikantar og bilistar/køyrande. Det er prosjektert logiske og breie fortausløysingar langs Kongsvegen/ fylkesvegen, med god ljossetting, der mjuke trafikantar blir godt synlege i trafikkbildet året rundt. Kryssingspunkt langs fylkesvegen er plassert der det vil vera sannsynleg at folk krysser vegen og er oversiktlege, god synlege og markerte. Gang- og sykkelvegar og fortau er planlagt for effektivt vedlikehald heile året.

### **Grunneigarforhold**

Opparbeiding av utomhusanlegg i Dovre sentrum vil berøre fleire grunneigarar, m.a. Innlandet fylkeskommune og Coop Innlandet. Det er etablert samarbeid med desse aktørane. I førebuing til

bygging/etablering av anlegg og i gjennomføring av byggeperioden, blir det nødvendig med tett samarbeid og kontakt, særleg med fylkeskommunen da det m.a. skal gravast i og langs fylkesvegen. I forhold til grunneigartilhøve vil det vera best for alle partar om ein kan etablere alle dei detaljprosjekterte delområda i ei samanhengande tidsperiode og i ein entreprise/ kontrakt, men dette vil vera krevjande økonomisk for kommunen.

## **Vurdering:**

### **Vurdering av prosjektering**

Innleigd prosjekterande konsulent-team har utarbeidd ein heilheitleg detaljplan for Dovre sentrum, som tek vare på trafikkisikkerheit og som fremjar ei estetisk utvikling som med stor sansynlegheit vil auke attraktivitet og aktivitet i Dovre sentrum. Planen er forankra politisk og det har i tillegg vore gjennomført ein ope prosess mot innbyggjarane der det har vore høve til å kome med innspel og merknader til prosjekteringsarbeidet. Innspel er i stor grad teke omsyn til og er synlege i det ferdig utarbeidde detaljprosjektet.

Detaljprosjektet viser gjennomtenkte og heilheitlege løysingar for sentrum. Det vil vera ein stor fordel, både for gjennomføring, heilheitleg resultat og det totale økonomiske bildet, å etablere heile det prosjekterte anlegget i ein samanhengande byggeperiode og med ein entreprise/ kontrakt med utførande. Dette vil imidlertid vera krevjande økonomisk for kommunen, og ein må difor vurdere etappevis etablering. Dei prosjekterande konsulentane har utarbeidd kostnadskalkyle. Denne kalkyla er lagt til grunn for rådmannen si vurdering og tilråding i forhold til kva del av det prosjekterte anlegget ein i fyrste omgang bør hente inn tilbod på, gjennom konkurransegrunnlag for utførelsesentrepise.

### **Vurdering av kostnadskalkylar**

Det er utarbeidd kostnadskalkyle for kvart delområde av det heilheitlege prosjekterte anlegget.

Rigg og drift kostnader er i kalkylen rekna som om kvart delområde blir bygd separat. Dvs. at kostnader knytt til rigg og drift er sett høgt og utgjør ein svært stor del av dei berekna kostnadane til delområda. Ved bygging av fleire delområder i same entreprise og i kontinuerleg gjennomføringsperiode, vil rigg og drift kostnader med stor sansynlegheit bli lågare enn det som er lagt til grunn i kalkylene.

Det er alltid ein viss usikkerheit knytt til priser i kalkylene på ulike prosesser og materialar. Det blir derfor gjerne lagt til ein usikkerheitsmargin på ca. 15% på priser i kalkyle og dette har konsulenten synleggjort i anslaget.

Administrasjonen sit på detaljert informasjon om berekna kostnader. Av omsyn til konkurransesituasjon og at det er ynskjeleg at lokale entreprenørar/aktørar skal vera med å gje tilbod på utføring/etablering, vil ein i dette saksframlegget ikkje synleggjere desse detaljerte kalkylene. Kommunestyret vil gjennom dette saksframlegget og orientering på kommunestyremøtet, få tilstrekkeleg informasjon til å kunne ta stilling til kva områder det skal innhenta pristilbod på for bygging.

Dersom ein i etterkant av innhenting av pristilbod vel å trekke ut ein større del av arbeidet/prosesser ein har henta pris på (over 15% av det totale pristilbodet), kan kontrahert entreprenør/anleggsgartnar (UTF) i tilfelle ha høve til å reforhandle pris og dette er ikkje ynskeleg, da det vil kunne auke kostnader i kontrakt betrakteleg. Det er slik vesentleg at bestillar, kommunestyret, hentar inn priser på omfang som i størst mogleg grad er realistisk å få gjennomført i entreprisen.

## Vurdering av modeller og kostnader

Dovre sentrum har klare utfordringar knytt til overflatevatn, med utilstrekkelege og ikkje samanhengande anlegg. Det er i dag fare for materiell skade ved større nedbørshendingar. VA anlegget i sentrum er til dels utgått på dato. Nytt oppgradert anlegg er detaljprosjektert og skal byggast med start våren 2025 og med midlar frå driftsavdelinga.

Plan- og bygningsloven set krav til at overflatevatn i størst mogleg grad skal bli handtert lokalt, gjennom § 28-10:

### § 28-10. Håndtering av overvann

Tiltakshaver skal gjennomføre tiltak slik at overvann i størst mulig grad infiltreres eller fordrøyes på eiendommen. Forsvarlig avledning skal sikres og opparbeides så langt det er nødvendig. Første og andre punktum gjelder så langt ikke annet er bestemt i arealplan.

Ved vurdering av kva områder det bør bli innhenta pristilbod for, med hensikt om bygging, er det viktig at kravet til handtering av overflatevatn blir imøtekome og at ein ser til kva områder som må gravast opp ved etablering av oppgradert VA nett. Sidan det uansett vil bli gravd i bakken i området mellom Coop bygget og Samfunnshuset, vil det vera hensiktsmessig å også prioritere etablering av utomhusanlegg i dette området (område F).

## Samla vurdering

Rådmannen vurderer at ein i prosjektet i størst mogleg grad bør halde seg til budsjetterte og avsette midlar. Ei slik stram økonomisk styring vil gjere at ein kun får bygd og etablert ein del av det detaljprosjekterte anlegget i denne omgang.

Rådmannen meiner at det kan vera fornuftig av kommunestyret å konsentrere utføring til områder som ligger sør for fylkesvegen og som er detaljprosjektert. Det vil si områda A, B, D og F.

Rådmannen vurderer vidare at ein bør avvente etablering av *Dovreparken*, delområde D, fordi det er eit pågåande arbeid knytt til etterbruk av skulebygget, som kan gje nokre fleire føringar for dette utearealet.

Kalkyle for etablering av områda A, B og F ligg innanfor budsjetterte rammer. Det vil i tillegg vera fornuftig å hente inn opsjonspris på ein areal til, som eventuelt kan bli realisert om det kjem inn gunstig tilbod på utførelsesentreprisa.

Rådmannen meiner slik at det er fornuftig og ynskjeleg å hente inn pris på etablering av delområda A, B og F, og at ein set delområde I som opsjon.

Ved å etablere A, B og F blir det etablert oppdaterte og samanhengande løysingar for VA og overflatevatn. Oppgradert teknisk anlegg som skal leggast i bakken blir etablert i same anleggsperiode som ein ruster opp overflater etter prosjektert grunnlag. Ein slepp slik å etablere midlertidige/ikkje varige løysingar og det blir estetisk gode og trafikksikre løysingar for mjuke trafikantar. Sentrum blir i stor grad rusta mot større nedbørshendingar som 20 års nedbør og vil med stor sansynlegheit møte krav sett i plan- og bygningslova §28-10, samt teknisk regelverk.

Område B er prosjektert som sentral og god gangakse og eit rikt aktivitetsområde, særleg for barn og unge, og vil styrke samanhengar og aktivitetar på Dovre. Oppgradering av delområde A, vil styrke samanhengen mellom Hjerleid handverksskule/ Slettenfeltet og sentrumsfunksjonane ved forbetring av tilbodet for mjuke trafikantar i kulvert under E6 og langs Stasjonsvegen mot Jøndalsvegen.

Ein kan vente at ei samla etablering av områda A, B og F vil styrke næringslivet på Dovre.

Rådmannen meiner at det kan vera fornuftig å spørje på pristilbod, som strekker seg noko ut over budsjett og avsett ramme for prosjektet, men da som opsjon. Det er usikkerheit i kalkulerte kostnader og ein bør sikre at ein har høve til å legge til arbeidsoppgåver til kontrakt, dersom ein ser at dette er mogleg innanfor avsette økonomiske rammer. Rådmannen vurderer at ein i tillegg til områda A, B og F, bør hente inn pristilbod på område I, kyrkjebakken, men da som opsjon.

Området er mykje brukt av innbyggjarane og tilreisande. I dag er det forholdsvis lav kvalitet på uteareala inn til kyrkjegarden. Parkering og tilkomst møter m.a. ikkje krav til universell utforming. Det som er meint å vera ein grusplass for opphald og møtestad, fungerer i dag i stor grad kun som parkeringsareal. Oppgradering av område I vil markere eit startpunkt på oppgradering av tilkomst til kyrkja og omgjevnaden til kyrkja, men vil kun i begrensa grad løyse utfordringa knytt til universell utforming av tilkomst til kyrkjegarden og kyrkja. Til dette trengs nytt parkeringsareal ved "Folldalsporten", dvs kyrkjeporten på nordsida av kyrkjegarden.

### **Rådmannen si innstilling:**

#### **Kommunestyret vedtek:**

Det blir henta inn pristilbod på utførelsesentreprise, for bygging og etablering av delområda A, B og F, med delområde I som opsjon.

### **Kommunestyrets behandling av sak 55/2024 i møte den 23.09.2024:**

#### **Behandling**

- Stian Brenden stilte spørsmål ved sin habilitet i saken, og begrunnet dette. Enstemmig erklært inhabil. Erlend Gauteplass Vigerust deltok i behandling av saken i stedet for Brenden.
- Prosjektleder orienterte.
- Magne Vorkinn, Dovre SP, kom med følgende forslag:  
Saken utsettes til neste kommunestyremøte 4. nov. 2024.

#### **Vedtatt**

Magne Vorkinn sitt forslag ble enstemmig vedtatt. Saken utsettes til 4. november 2024.